



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
06.03.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2015/12746 612
Dykkar referanse

Kompetanseregionane i Hordaland
Øygarden kommune
Fjell kommune
Askøy kommune
Sund kommune

Rapporteringskrav - Midlar til kompetanse og rekrutteringstiltak 2015-2016

Fylkesmannen tildelte kr 400 000 som ekstraordinært tilskot til barnehagesektoren i Hordaland i oktober 2015, jf. brev med vår referanse 2015/12746. Midlane skulle gå til å styrkje regionane / kommunane sitt samarbeid om kompetanse og rekruttering i barnehageåret 2015-2016.

Fylkesmannen fordelte beløpet etter talet på barnehagebarn. Kompetanseregionane fekk midlane overført til konto. Region Ytre Midthordland fekk midlane fordelt til kommunane.

Rapporteringskrav

Tilskotsmottakar skulle rapportere til Fylkesmannen kva midlane er brukt til. Rapporteringsfrist var 30. juni 2016. Denne er seinare utsett til januar 2017.

Som meldt i tildelingsbrevet kan Fylkesmannen og Riksrevisjonen kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene jf. Bevillingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med tildelingsbrevet.

Vi etterlyser med dette rapporten, og gir ny frist for rapportering til 17. mars. Dersom vi ikkje mottek rapport innan fristen, kan Fylkesmannen krevje å få pengane tilbakebetalt.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.